

Fra: Berit Vik <Berit.Vik@vlfk.no>
Sendt: onsdag 9. juni 2021 00:00
Til: Postmottak Alver
Kopi: Larissa Dahl
Emne: Vedk. veg, riving av eksisterande bygg og oppføring av nye bygg, gbnr. 99/4,
Lindåsvegen, Alver kommune

Grunna problem med tilgang til sakssystemet sender eg Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, sin uttale i saka per e-post. Dykker referanse: 21/3088- 21/32144. Vår referanse: 21/61634.

Sakshistorikken er lang og kompleks. Når det gjeld seksjon for kulturarv sitt fagområde så har ein på bakgrunn av lausfunn frå ulike arkeologiske periodar tidlegare utført ei synfaring for å vurdere potensialet for funn i samband med vegtraseen. Kulturminnefagleg fråsegn blei gitt 30.04.2020 der ein konkluderte med at ein ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte vegen. Like nord for den omsøkte vegen ligg eit arkeologisk minne med Askeladden id. 244087, men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vart likevel vurdert til å vere låg. Vi påpeikte følgjande:


«Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. (...) Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.»

Vi vil igjen understreke denne meldeplikten. Elles er vi opptekne av at bygga som er omsøkte rive skal bli vurdert i ein lokal, kulturhistorisk samanheng. Vi ser ikkje at desse er av ein regional verdi, men ber om at Alver kommune si kulturavdeling blir involvert i saken og får kome med sine vurderingar. Då også når det gjeld kva ei oppføring av dei nye bygga vil ha å seie for kulturmiljøet på staden.

Med helsing

Berit Vik
Seniorrådgjevar, arealplan

Seksjon for kulturarv
Avdeling for kultur, idrett og inkludering



Mob: 41 32 10 36
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.